

Olise Sunnivae Vestad

Meiningsskaping og medynk

Ei analyse av *På tross av alt* av Vera Kommisar - I eit traume-perspektiv

Bacheloroppgåve i Nordisk litteraturvitenskap
Juni 2023

Olise Sunniva Vestad

Meiningsskaping og medynk

Ei analyse av *På tross av alt* av Vera Kommisar - I eit traume-perspektiv

Bacheloroppgåve i Nordisk litteraturvitenskap
Juni 2023

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet



Samandrag

Bacheloroppgåva omhandlar og undersøker korleis eit krigstraume kan verte framstilt i litteraturen, og kva innsikt ei analyse av ei vitnemålsforteljing kan gje. Eg har analysert "På tross av alt" av Vera Komissar, og korleis vitnet åt Julius Paltiel kan gje innsikt omkring traume i litteraturen. Eg har retta merksemd mot forteljarposisjonar i forteljinga, saman med ei tematisk og innhaldretta lesing i lys av Cathy Caruth og Gilad Hirschberger sine traumeteoriar.

Abstract

In this thesis the relation between trauma from war, and literature, will be investigated. What insight an analysis of testimony literature can give, will be a following question in this text. I have looked at the testimony of Julius Paltiel in "På tross av alt", written by Vera Komissar. I have analyzed the narrative position in the testimony, as well as the content of the testimony, in light of trauma theory of Cathy Caruth and Gilad Hirschberger.

Innholdsfortegnelse

Innleiring	2
<i>Problemstilling og disposisjon</i>	<i>3</i>
Metodisk innfallsinkel og teori.....	4
Analyse.....	6
<i>Traume gjennom forteljarposisjon</i>	<i>6</i>
Analysedel av <i>leveviile</i>	9
<i>Analyse av religion og identitet.....</i>	<i>12</i>
Samanfatting av analyse og diskuterte punkt – Kva innsikt <i>På tross av alt kan gje</i>	15
Avsluttande refleksjon – Medkjensle og meinig	17

Meiningsskaping og medynk

Ei analyse av *På tross av alt* av Vera Komissar – i eit traume perspektiv

Innleiing

Denne bacheloroppgåva vil omhandle eit traume som ei menneskeleg erfaring, og formidlinga av dette gjennom litteraturmediet. Oppgåva vil plassere seg innanfor ein disiplin og forskingstradisjon omtala som *Holocaust Studies* eller *Holocaust Research*, og teksten vil rette merksemd mot den medisinske diskursen innanfor disiplinen, og korleis *holocaustlitteraturen* kan gje innsikt om formidling av eit traume.

Holocaust – var eit folkemord mot ei rekkje gruppe menneske; Der den jødiske var den største, saman med fleire andre grupper nazistane opplevde som ein trussel. I det okkuperte Europa under andre verdskrig, var grupper av folk sendt til konsentrasjonsleirar. Der føregjekk det tvangsarbeid og systematisk gassing og drap av fangar (Joa, 2022, s. 1).

Av dei som overlevde livet i leirane, har formidlinga og det å vitne sine opplevingar gjort seg aktuelt i ettertid av krigen. Eg vil ved hjelp av vitnemålsforteljinga *På tross av alt* undersøkje, korleis litterære tekstar kan framstille og behandle eit krigstraume gjennom bruk av forskjellige estetiske og litterære verkemiddel.

Problemstilling og disposisjon

Julius Paltiel var ein av dei som overlevde fangenskap på Falstad, seinare arbeidsleiren og dødsleiren Auschwitz, var gjennom dødsmarsjen til Buchenwald, før han kom til Noreg i 1945. I 1995 deler han si forteljing i *På tross av alt*, med hans kone – Vera Komissar – som skribent. Det er denne vitnemålsforteljinga som vil utgjere analysegrunnlaget i denne bacheloroppgåva. I den følgjande teksten vil eg følgje problemstillinga;

Korleis vert krigstraume framstilt i «På tross av alt» og korleis kan krigstraume, som verket omhandlar, supplere den medisinske forståinga av traumet?

Teksten vil vere strukturert på følgjande måte; Eg vil først leie teksten inn i den aktuelle metode og teori for oppgåva. Følgjande er analysedelen av oppgåva, som vil vere tredelt. I einkvan analysedel vil eg trekke fram avsnitt frå vitnemålsforteljinga, som kan syne fram ulike innsyn og perspektiv knytt til traume.

Metodisk innfallsvinkel og teori

Det er skrive mykje om holocaustlitteraturen, og forskinga innanfor fagfeltet er variert og gjev ulike tilnærmingar til korleis forstå litteraturen. Her vil dei teoretiske perspektiva vere retta mot traumet si tyding i litteraturen. Eg vil kort gjere reda for vitnemålsforteljingane sin *sjanger*; Saman med å gje ei kort innføring i dei aktuelle traumeteoriane.

Holocaustlitteraturen har fleire genrekategoriar, kor eg vil argumentere for at *På tross av alt* fell innfor sjangeren *vitnebyrd* eller vitnemålsforteljingar. *På tross av alt* er Julius Paltiel sitt personlege vitnesbyrd. Det er saman med forfattaren og kona Vera Komissar, at vitnemålsforteljinga har vorten skriven. I samarbeid med forfattaren Sverre M. Nyrønningen har vitnet tatt form. Vitnesbyrdet er skrive med eit etterord, der Julius si røst i forteljinga vert tydeleggjort. Der skriv Julius at han oppmodar lesaren til å hugse, og ta ansvar for at det aldri skal skje igjen (Komissar, 2022, s. 144). Vitnemålsforteljingar ein kan plassere innanfor den same sjangeren og konteksten, er *Se questo è un uomo* [Hvis dette er et menneske] av Primo Levi, og *Det angår også deg* av Herman Sachnowitz.

Definisjonen og forståinga av denne sjangeren er kompleks; Sidan det er eit samanfall mellom forfattar, forteljar og protagonist. Sjangeren vert i *Litteraturvitenskaplege leksikon* definert som;

«En persons muntlige eller skriftlige utsagn om en hendelse eller handling som han eller hun har sett eller opplevd, og som har en karakter (særlig av konflikt eller overgrep) som gjør hendelsen/handlingen viktig også for andre» (Lothe, Refsum, Solberg, 2007, s. 241).

I eit vitnebyrd eller vitnemålsforteljing er det ein gjeven kontekst og handlingsforløp som vert formidla. I *På tross av alt* er fangenskapet på Falstad, tida i konsentrasjonsleiren Auschwitz og frigjeringa i Noreg konteksten av forteljinga. Dette er sanne hendingar, men kan gjere seg aktuell i ei litterær analyse. Å skrive ned ei forteljing om ei erfart verkelegheit vil alltid følgje auga av individet som har opplevd det, og vil difor fungere som ein rekonstruksjon av ei røynd. Den er tolkinga eit individ gjer av eige liv, som kan gjere seg fruktbart i ei litterær analyse.

I *At skrive Holocaust*, skriv Morten Lassen at det finst eit fortolkningssamhald som eksisterer om vitnebyrdslitteraturen, som gjer genren til ein *bastard* (Lassen, 2011, s. 4). Medan ein i historiefaget vil krevje meir objektivitet i ein slik tekst, vil ein i litteraturvitenskapen ha vanskeleg for å omtale det som fiksjon, sidan det omhandlar fakta og verkelege hendingar (ibid). Posisjonen til genren gjer sjangeren unik og eigenrådig; Eit vitne vil fortelje om sin verklegeheit, *gjennom* litteraturmediet (Lassen, 2011, s. 5). Denne medieringa og forteljinga er subjektiv, men autentisk, skriv Lassen. Det finst andre stemmer som har forska på holocaustlitteraturen, som meiner at nett dette gjer vitneforteljinga inhabil. Det skriv psykiateren Dori Laub i *Testimony*. Der poengterer ho posisjonen til vitnar frå holocaust; Dei har opplevd hendinga sjølve, på nært hald, noko som gjer at dei skriv med sterke kjensler. Slik er vitneforklarings problematiske, argumenterer ho (Felman & Laub, 1992, s. 85). Genrediskusjonen gjev eit innsyn til eit kompleks samhald mellom verkelegheit og litteratur, forfattar og forteljar og dertil rekonstruksjon og sanning.

Korleis ein vel å gå fram i forståinga av genren, vil òg påverke korleis ein forstår traumet i litteraturen. Eit traume let seg definere under ei forståing av alle slags kroppslege og mentale skadar og belastningar, som skyldast påverknad utanfrå (Weisæth, 2022).

Om ein skal forstå eit traume, må ein forstå konteksten av traumet sitt utgangspunkt. Eit kollektivt traume stammer frå brotsverk gjort mot bestemde grupper. Gilad Hirschberger skriv, at prosesseringa av eit traume er ei form for overlevings-strategi. Å bere med seg eit kollektivt traume – som holocaust – vil skape ei meningskrise i eit individ. Eit individ vil forsøke å prosessere det traumatiske, og skape ei mening, og samanheng mellom fortid, notid og framtid (Hirschberger, 2018, s. 4). Eit kollektivt traume er slik med å setje preg på ei identitet. Denne identitetsskapninga vert understreka av litteraturforskar Unni Langås. Ho skriv om tydinga litteraturen kan ha i behandlinga av eit traume. Litteraturen gjev ei moglegheit for å setje ord på kjenslene, finne dei historiske og kulturelle referansane, slik at ein kan minnast om det meiningsfulle, i eit stort gap av meiningslause (Langås, 2016, s. 99).

Båe inngangen å Langås og Hirschberger vektlegg konstruksjonen av meinings. Det gjer også Cathy Caruth i sine refleksjonar. Ho lener seg på Freud sine teoriar, då ho presenterer og aktualiserer traumeteorien «The Wounded and the Voice». I hennar forståing, har eit traume har to stemmer; der *the wound* – såret – er det som skapar traumet, medan *the*

voice – er dimensjonen ved traumet som gjer seg gjeldande i ettertid (Caruth i Akslen, 2020, s. 19). *Stemma* er uttrykk for traumet, og ei individ sitt behov for å formidle sine erfaringar.

Forståingshorisontane vil vere nytta som reiskap i analysen av romanen *På tross av alt*, og korleis han kan gå i dialog med diskursar kring traume.

Analyse

I den følgjande delen av teksten vil eg gje ei analyse av *På tross av alt*. I den første analysedelen vil eg sjå på form og forteljarposisjon, og trekkje dette vidare i andre underdel, kor eg vil sjå på traume gjennom innhald. I den tredje analysedelen vil eg sjå på kva rolle religion har i vitnemålsforteljinga.

Traume gjennom *forteljarposisjon*

Eg vil byrje med å analysere korleis vitnemålsforteljinga åt Julius Paltiel skjer på nærmast to ulike plan, og korleis denne spenninga kan forteljinga noko om hans traume. Gjennomgåande i *På tross av alt* er *den innsynsfulle forteljaren*. På nokre tidspunkt får lesaren innsynsfull og oversiktleg informasjon av krigen og Paltiel sin posisjon i han. Ved andre tidspunkt, får lesaren av vitneforteljinga oppleve krigen og brutaliteten som det skjer her-og-no. Dei to forteljarposisjonane er eit av hovudtrekka ved forteljinga. Ein kan på bakgrunn av karaktertrekket få inntrykk av ei litterær behandlinga av eit traume. Her vil eg gjere det i lys av Cathy Caruth sin teori om «The Wounded and the Voice», og nokre avsnitt frå romanen.

I ein rekke situasjonar gjennom romanen står forteljaren fram som ein innsynsfull protagonist. Ved fleire høve er eg-forteljaren i situasjonens utløp, men med all informasjon om sin eigen kontekst og kjennskap om tilhøva under krigen. På fleire tidspunkt er informasjonen med å skape ein distanse til personen som opplever situasjonen i romanen, men

med nærleik til krigens tilhøve generelt. Eit døme på ein slik kompleksitet i romanen, er då forteljaren kjem til dødsleiren Auschwitz;

«Dette er Auschwitz. / (...) / Området er stort, rundt femti kvadratkilometer. Foreløpig er vi forholdsvis få fanger. Men hver dag kommer nye transporter med jøder, fra hele Europa. De blir satt til å bygge brakker. Snart lever vi 20 000 fanger her. / (...) Her er det bare å stole på seg selv» (Komissar, 2022, s. 62).

I *Dette er Auschwitz*-avsnittet, er det fleire element og setningar som gjev informasjon om krigen, og eit heilskapleg inntrykk av konsentrasjonsleiren Auschwitz. Døme på dette kjem fram i nøyaktig kvadratkilometer som er gjeven av leirområdet, oversikt over transporten av jødar, og kor viss hovudpersonen er at ein kan berre lite på seg sjølv. Dette er eitt nivå av forteljarposisjonar, der ein kan sjå dei stadige drøftingane av tilværet under krigen. Det er dette som gjev inntrykk av at Julius, med alt det han kjenner til etter krigens avslutning, grip inn i forteljinga, og forklarar lesaren konteksten. Saman med den konkrete informasjonen, gjev forteljaren lesar ei oppleveling av kva kjensler både personen i forteljinga har, og bør ha, i Auschwitz - ved setninga; *Her er det bare å stole på seg selv* (Komissar, 2022). Kjennskapen forteljaren har til både heilskapen og det individuelle, gjev han ei spenning. Han verkar både innsynsfull, samstundes som han er distansert til kva som skjer med personen i forteljinga.

Dette står i motsetnad åt andre handlingsforløp i vitnemålsforteljinga, der ein kan få inntrykk av ein forteljar med merksemeld retta mot sin samtid. Eit anna døme frå Auschwitz kan gje lesaren eit inntrykk om denne forteljaren. I setningane under er Julius ramma av feber, men framleis under arbeid;

«Her består arbeidet i å heise jernbjelker med håndvinsj. Også her arbeider flere sammen. Dermed blir det mulig å slappe litt av innimellom takene. Det viktigste er å gi inntrykk av at man arbeider hardt hele tiden. Det er hver enkeltes beskyttelse. / I en matpause får jeg øye på noen engelske militærfanger. / (...) Jeg slenter bortover mot engelskmennene, så nær jeg tør for ikke å bli oppdaget. Jeg roper forsiktig med min skoleengelsk: - Hvordan går krigen?» (Komissar, 2022, s. 69-70)

Dette avsnittet er noko likt førre avsnitt, men er ulikt ved tilnærming om innsyn av protagonisten. Avsnittet kan gje eit inntrykk av éin av fleire arbeidsdagar Julius har hatt, og kjenslene og tankane hans i situasjonens utløp. Forteljaren tek lesaren med til nærleiken og kvarldagen av dødsleiren, utan den innsynsfulle informasjonen av krigens utløp. Her kjem lesaren inn på arbeidet Julius ar vore gjennom; Tunge luft av cement og jernbjelkar, saman

med ein gripande feber. Dette skjer gjennom figuren Julius – der ein følgjer hans handlingar. I scena ser ein dessutan døme på korleis Julius har henta inn informasjon om krigen. Ved hendige situasjoner, har han løyva seg ut og spurt andre krigsfangar.

Utdraga kan teikne ei spenning mellom to forteljarposisjonar. Medan det i første avsnittet vert teikna ein forteljar som er innsynsfull, faktaorientert og framtidsretta, vert det i neste avsnitt forma ein forteljar som ligg nærmere personen Julius under krigen, og opplever situasjonens hendingar samstundes som han. Spenninga mellom forteljarposisjonane, viser ein fruktbar innsikt i korleis eit krigstraume er behandla i forteljinga. Dei to avsnitta syner fram at handlinga føregår på to ulike plan; På den eine sida fortel Julius Paltiel frå si dåverande samtid - i kronologisk rekjkjefølgje. Det er i desse avsnitta ein kan lese om kvardagen i dødsleiren Auschwitz. På den andre sida får ein stadige refleksjonar, faktainformasjon, tal, og åtvaringar om kva som kjem. Dette er med å skape ei kjensle av at Julius Paltiel sjølv, som forfattar –bryt inn i forteljinga og forklarar. Ei mogleg tolking av medvitet og denne forteljarposisjonen, er at spenninga er eit uttrykk for ei behandling av eit traume.

I mi tolking, og i lys av traume- og litteraturteori, vil spenninga vere uttrykk for *traumets stemme*. I Cathy Caruth si tilnærming vil dette vere uttrykk for traumets sår og stemme. Ved at ein kan lese ein skilnad mellom nivåa av forteljarar, kan ein oppdage nyansar som fargelegg *vitnet*. Medan forteljaren som ligg nær kronologien i forteljinga, følgjer Julius, vil forteljaren som drøftar og kommenterer, kunne vere i posisjonen av refleksjon og drøfting. Den sistnemnte forteljarposisjonen vil kunne ligge under forståingshorisonten av Caruth sitt omgrep om traumets stemme. Det er stemma som forklarar hendingane, og kva tankar og kjensler både Julius hadde i forteljinga, men òg kva han har hatt i ettertid av traumet og såret.

I denne samanhengen vil eg trekkje inn «I dödens väntorum». I Torhild Joa si komparative analyse av vitnemålsforteljingar frå Auschwitz, tolkar også ho ei spenning mellom forteljarposisjonane. Ho gjev ei tolking av spenninga i lys av teori frå litteraturvitarane Julia Watson og Sidonie Smith. Ho viser til deira teori om sjølvbiografiske subjekt, og poengterer at subjekt som formildar gjennom språket og minnet, alltid vil vere tolkingar av eigen fortid (Joa, 2022, s. 47). Poengteringen understrekar tolkinga av *På tross av alt*, der forteljarposisjonane tydeleggjer Julius sin røyst.

Den innsynsfulle forteljarposisjonen er eit uttrykk for stemma, som må tale, etter det såret Paltiel har fått av opplevingane i Holocaust. Det kan ein omtale som *traumets stemme*. I utdraga trekt fram, vil ein lese forteljarposisjonen, som forklarar og legg til grunn ein forståingshorisont. Den innsynsfulle forteljarposisjonen fargelegg slik vitnet, ved å gje lesaren ei forståing av kva dei vonde opplevingane har tydd. Dette er uttrykk for traumets stemme.

Saman med å lese ein kronologi av hans vitne, kan ein lese Julius sitt behov for å gripe inn i forteljinga. Dette les eg saman med behov for å opprette meiningsatt, slik som Hirschberger poengterer.

Forteljarposisjonane kan syne fram eit traume gjennom forma av forteljinga. I følgjande analysedel vil eg trekkje linene til innhaldet av vitnet.

Analysedel av *lelevilje*

I den følgjande underdelen vil eg trekkje fram eit gjennomgåande trekk ved vitnemålsforteljinga, som eg her vil omtale som uttrykket for *lelevilje*. Gjennom Julius Paltiel si forteljing står han fram som håpefull, og med ei sterkt vilje for å leve og overleve. Det kjem til uttrykk i rammeforteljinga, og eg vil her sjå det saman med traumeteori åt Hirschberger. Eg vil trekkje fram utdrag frå byrjinga av forteljinga, frå midtre del *Dødsrike*, og forteljinga sin siste del *Et befriende spark*.

I forteljinga si midtre del kjem dette klårast til uttrykk. I *Dødsrike*, står det;

«Døden er min følgesvenn. Medfanger dør rundt meg. Av og til, når depresjonen velter inn over meg, tenker jeg på døden som en lettelse. Men jeg har bestemt meg. Jeg vil overleve. Jeg vil vitne» (Komissar, 2022, s. 75).

Her kan ein lese om kjenslene og omstenda Julius bar på under opphaldet i Auschwitz. I avsnittet vert det skildra desperasjon og død. Det verkar til at Julius har ei innsikt om at han skal overleve, ved at han aktivt tek eit val om å overleve. *Jeg vil vitne*- setninga fungerer som ei stadfesting på dette. Setninga vert gjenteke ved fleire høve i forteljinga, som «Jeg vil leve», eller «Jeg vil overleve» (Komissar, 2022, s. 78 / 103). Desse setningane syner fram lelevilja eg her vil undersøke.

I dømet ovanfor om døden, er håpet og lelevilja tydeleg. Denne vilja verkar til å vere brote ned, ved krigens ende. Då Julius Paltiel er komen attende åt Noreg og Trondheim, vert ein makteslause og einsamheit skildra;

«[E]nsomheten lar seg ikke undertrykke. Den slår meg nesten ut. Hvem kan jeg snakke med om mine opplevelser? Hvem orker å høre om ondskapen? Ingen kan forstå hva jeg har sett, og jeg orker heller ikke fortelle» (Komissar, 2022, s. 131).

Det å kome att til Noreg er utfordrande for Julius, på fleire nivå. Det står her at han vert følgd av angst i åra som følgjer. Angsten vert også skildra;

«Ingen kan hjelpe meg når marerittene og drømmene sender meg tilbake til fangetilværelsen. Trykket legger seg over hodet og presser meg ned i hodeputen. (...) Jeg får ikke puste. Hjertet banker villt / (...) / Angsten forfölger meg i årene som kommer» (Komissar, 2022, s. 132).

Håpet og levevilja som verkar til å vere berande under fangenskapet i Auschwitz, er brote ned i makteslause og angst i Noreg. Her verkar Julius som figur ikkje til å ville vitne si eiga forteljing. Han er inneslutta og bitter. I innsikt frå traumeforsking, vil dette vere teikn på at Paltiel gjennomgår syklusen av korleis ein vanlegvis behandlar eit traume. I sjokket etter opplevinga av noko traumatisk, vil ein gjennomgå fornekting, før forsoning. Det skjer ved å unngå tankar og kjensler knytt til hendinga. Det er først ved *erkjenning* at ein vil kunne kome vidare (Meera & Michael, 2013, s. 4-5).

Det er her eg vil dra inn eit døme frå forteljinga sin første del *Et befriende spark*. Denne delen av forteljinga fungerer ei rammeforteljing for vitnemålsforteljinga, og forklarande i ei traumetolking. Det gjev innsyn om uttrykk av levevilje, og dessutan meiningsdanning.

Ei rammeforteljing inngår som del av ein forteljarstil, og kan ha variert utforming. Ei forteljing som rammer inn ein eller fleire forteljingar, er rammeforteljinga. Denne delen av forteljinga fungerer både som introduserande og konkluderande (Lothe, Refsum, Solberg, 2007, s. 184). Dette forteljarposisjonen les eg inn i delen *Et befriende spark*. Ho fungerer som innleiing for leseren, samstundes som ho er referansepunkt for handlinga, og på fleire måtar konkluderande. Eg vil no vise korleis, ved å sjå korleis rammeforteljinga heng saman med andre delar av teksten.

Rammeforteljinga *Et befriende spark* er sett i 1945 – 3 månader etter krigens slutt. Her står; «Tårene strømmer nedover ansiktet mitt. Dagens opplevelser fra Falstad-skogen får fritt utløp. / Endelig får jeg sove.» (Komissar, 2022, s. 12). Julius Paltiel er nettopp voren på Falstad, for å vitne kva som skjedde der under krigen. Her har han byrja prosesseringa av hendingane under krigen, då det er kravd vitne frå dei som opplevde.

Eg les og tolkar setninga *endelig får jeg sove* som ei signatur-setning for vitnemålsforteljinga. Ho står i enda av rammeforteljinga, og gjev difor signal åt lesaren, at ho er av tyding. Setninga er berande av tyding på fleire nivå; Kor eg les ho etter eit forsøk på konstruksjon av meiningsberande, etter eit traume. *Et befriende spark* er fortelt tre månader etter krigen; Der alle hendingane av romanen er hendt. At det står *endelig får jeg sove* her, les eg som eit uttrykk for at vitnemålsforteljinga no er skriven ned, og at figuren Julius – og personen Paltiel – er ved ei ro. Han har funne eit medium for å uttrykke sitt traume. Det er dette Unni Langås poengterer i sin tekst; Litteraturen kan ha ei berande rolle, i å få eit samfunn vidare etter eit traume (Langås, 2016, s. 99). Det syner fram at Julius som individ er ein stad i behandlinga av traumet, til å kunne la stemma kome til uttrykk. Det er i denne prosessen, at eit individ er med å skape meiningsberande igjen – for seg sjølv, og for eit samfunn, poengterer Hirschberger (2018, s. 4). Det er ein meiningskapande prosess som skjer, kor som *endelig får jeg sove* står som stadfesting for.

Eg tolkar setninga som meiningsberande; Då ho er av berande tyding for heilskapen av vitnet og forteljinga. Forteljaren og figuren Julius fortel om ei sovn – som eg forstår som ei sjelero – over at vitnet er avlagt og fortelt ferdig. Han har no fått fortelt si forferdelege historie, som følge av eigen lovnad i Auschwitz. Slik kan ein litterær tekst som *På tross av alt* gje innsikt om; At å vitne og å fortelje er ein del av ei traumebehandling, samstundes som at lesaren si rolle er av tyding. Det er ved ein lesnad og ein mottakar, at forteljinga er *høyrt*. Dette er av tyding i *På tross av alt*. Lesaren kan ved rammeforteljinga og introduksjonen, lese inn tydinga av si rolle. Ved å lese denne forteljinga, tek lesaren del i meiningsopprettinga att, etter eit traume.

Det er *sjeleroa*, eller ynske om å oppnå det, som kan gje lesaren innsikt i at forteljaren er under ei prosessering av noko meiningsberande. Signatur-setninga tolkar eg til å legge krav på lesaren i inngongen av forteljinga, til å lytte og vedkjenne *det forferdelege* av det som skal verte skildra. Det er slik, ved å fortelje – og at lesaren les – at Julius som figur oppnår sjeleroa. Innsikta ein kan trekke ut, vil vere at; I opplevinga av eit traume, vil ein i ettermiddag ha behov for å opprette ei form for meiningsberande. Ein måte å gje dette på, er å fortelje, og opprette meiningsberande kollektivt, ved samhaldet ein får saman med lesaren.

Den gjennomgåande *levevilja* ein kan lese i *På tross av alt*, tolkar eg etter rammeforteljinga, og signatursetninga «Endelig får jeg sove». Gjennom utdrag frå dei ulike delane av vitnemålsforteljinga ser eg ein samanheng, gjennom eit uttrykk for håp og behovet for å vitne. Dei kjenslene ein kan teikne seg etter vitneforklaring av håp og sjokk, teiknar eit heilskapleg traumebehandling. Der kan rammeforteljinga fungere innleiande. Som

referansepunkt, kan det gje ei innføring for lesaren korleis ein skal forstå resterande delar av forteljing.

Det er gjennom å fortelje – ikkje berre gjennom *kva* som skjedde – men *kjensleerfaringane* han har gjort, at han portretterer si eiga traumehistorie. Dei same poengteringane vert gjort av Jacob Lund i teksten «Medlidenvækkende». Dette er ein tekst eg vil kome attende åt i neste del av teksten. Å trekkje fram erfaringar, etter eit traume, er ei måte å handtere den meiningskapande krisa på. Eg tolkar difor uttrykk av sjokk og angst, sovel om levevilje og håp, som meiningsberande kjensleerfaringar i forteljinga. Kjenslene vekkjer medkjensle i lesaren og tilskodaren. Ved at Julius fortel om sine erfaring, og lesaren kan kjenne på det same, er teksten med å fremje medynk. Om dette samspelet er oppnådd, er ei form for meiningsskaping.

Ved at ein kan trekkje desse kjenslene ut av forteljinga kan ein lese som meiningskapande, etter Hirschberger sin teori. I G. Hirschberger vil *offera* etter eit traume, oppretthalde eit minne av det kollektive forferdelege, for å forsøke å skape ei eksistensiell mening og *sjølv* (Hirschberger, 2018, s. 1). Ein måte å gjere dette på, vil vere å gå i dialog med traume, seg sjølv og eit samfunn. Det er ein pågåande og konstant prosess (ibid). Denne prosessen les eg som del av *På tross av alt*. Heilskapleg er vitnemålsforteljinga ein dialog Julius gjer- både med seg sjølv og lesaren. Gjennom rammeforteljinga får lesaren innsyn over Julius sitt behov for sjelero. Denne roa får han ved å skrive sitt vitne, og gå i dialog med sine erfaringar og kjensler knytt til sjokk og levevilje. Han går i dialog med lesaren ved å legge krav åt lesaren; Om å forstå, og å ta innhaldet innover seg gjennom medynk. Det heile les eg som eit forsøk av å opprette mening igjen, etter traume.

Eg vil samanfatte dei analyserte og diskuterte punkta omkring *levevilje*, i den oppsummerande delen av teksten.

Analyse av *religion og identitet*

I følgjande kapitel vil eg vidare sjå på meiningsdannande prosessar i *På tross av alt*. Dette vil eg gjere ved å rette merksemda mot kva rolle religion og identitet kan ha i forteljinga.

Som ein reaksjon, og i arbeid av eit traume, vil etableringa av eit samhald, og dessutan identitet, vere understreka. Dette vert omtala i G. Hirschberger, der han skriv; «[trauma] is

akin to abdicating collective meaning; And against this threat to meaning society mobilize to keep the trauma alive as a lesson from the past and the future» (Hirschberger, 2018, s. 4). Her skriv han om samanhengen mellom eit samfunn, eit kollektivt traume, og meiningsskaping. Han argumenterer for at stemmene av eit traume må vere høyrt, for at meinung skal oppstå i eit samfunn, som har opplevd eit kollektivt vonde (ibid). Ein essensiell del av dette er tidsoppfatninga; Traume må verte haldt i live, som ein stadfesting av ei gruppeidentitet, for fortid, notid og framtid. Dette såg eg på ved førre underdelen, og eg vil her sjå korleis det heng saman med religion.

I ein rekkje passasjer i vitnemålsforteljinga *På tross av alt* kan Hirschberger sine refleksjonar vere tydeleggjort. Ei av desse scenene, er frå skildringane frå Auschwitz. Julius er i dødsleiren, men har på eitt tidspunkt fått *Grippe*; Influensafeberen som råkar leiren, og pregar leiren av død og utmagring av fangane (Komissar, 2022, s. 67). På sitt sengeliggjande, i svingane mellom feber og medvit, minst Julius at det er påsketid; «Påsketid, eller pesach som det heter på hebraisk. / (...) / Vi snakker om våre forskjellige familietradisjoner for denne spesielle kvelden. Vi deler minner» (Komissar, 2022, s. 68). I scena kjem det eit brot med dei andre skildringane frå Auschwitz. Her vert ikkje kvardagen i den livlause dødsleiren skildra, men eit minne, der stunder frå fortida er delt. Ei scene kor etableringa av samhald er vektlagt, vert skildra. Vidare vert Julius Paltiel si religiøse høgtid skildra, slik at lesaren vert teken med i Julius sitt minne og hans tidlegare identitet;

«I alle år har tante og onkel samlet den store familien på denne festaftenen. Jeg ser for meg den damaskduken, det hvite porselenet, sølvstakene med tente stearinlys. Lukten av suppe, fisk. Småpraten rundt meg i brakken blir til samtalen rundt det festlige bordet. / (...) Jeg smaker det usyrede brødet og det salte egg. Alt er symboler, hentet fra jødenes utgang fra Egypt. Den gang rakk ikke brødet å heve seg, og saltvannet er til minne om jødenes tårer. / Her i leiren kunne vi brukt mye saltvann» (Komissar, 2022, s. 68).

Det eg vil trekkje ut av avsnittet, er formidlinga av identitet, samhald og nostalgi. Ein kan lese etableringa av eit *vi*, saman med saknet etter eit tidlegare *vi*. Det skjer ved etableringa av eit kollektivt samhald og eit samspel mellom fortid, notid og framtid. Dei deler minner *denne spesielle kvelden*, og vektlegginga av kvelden som noko annleis kan ein lese på fleire måtar, mellom anna av ved at det er eit av dei få avsnitta i forteljinga kor tida før krigen vert skildra. Det er ein forteljarteknikk, som ein her kan kalle intern analepse (Lothe, Refsum, Solberg, 2007, s. 8). Ein vert teken med til familiebordet, tradisjonane og påskefeiringa. Ved

setninga «småpraten rundt meg i brakken blir til samtalen rundt det festlige bordet» er tida endra, ein er teken med attende til fredfulle tider og nostalgitiske skildringar av familie og høgtid. På den måten er det understreka både eit samhald i brakken, kor dei deler minner, og minnet å Paltiel hever fram eit tidlegare samhald.

Eg vil dra nytte av G. Hirschberger sine poengteringar om traume og krise. I ei meiningskapande krise vil tydinga av samhald og identitet vere sett på spel. Traumatiske hendingar vil skape reaksjonar både på eit samfunn og eit enkeltindivid. Ein reaksjon på eit kollektivt traume varierer etter kontekst og person, og einkvan menneske vil ha sitt unike svar på ei meiningskrise (Hirschberger, 2018, s. 1-2). For nokre røyster, er måten å kome over eit *mørkt kapittel* på, nett gjennom rekonstruksjon av traume (eiga utheting, ibid). Dette kan ein lese ut av konstruksjonen av påskeminnet.

I scena, vert religiøs identitet etablert. Gjennom minnet vert ein teken med inn i delar av ei jødisk religiøs verd; Der ein får innsikt i *pesah* som religiøs høgtid og som religiøs praksis. Pesah er ei variert jødisk høgtid, og i avsnittet får ein lese kva samhaldsmarkørar som gjeld for Paltiel, og hans familie. Måltidet ein les om i avsnittet er truleg sedermåltidet, som er høgdepunktet under den jødiske påskefeiringa. I avsnittet kjem det fram gjennom skildring av mat og symbol. I resonnement frå religionsvitugskapen, og forskaren Bente Groth, vil scena og minnet syne fram kor tydingsfull feiring er. Dei jødiske festane og ritane – er ritar som styrker jødisk identitet og samhald, og tener som ein markør mot omverda, reflekterer Groth (2000, s. 165). At ein lesar får innsyn i ei jødisk religiøs verd – og etableringa av tradisjonane og samhaldet – underbyggjer ei lengsel og nostalgi i forteljinga. Lengsel etter eit tidlegare *vi*, saman med ei flukt frå *Dødsriket*. Den jødiske identiteten som vert skildra, er ein tryggleik.

Tryggleiken vert understreka, ved dei estetiske og sanselege kvalitetane i sitatet. I avsnittet kan ein lese sanselege inntrykk om lukt av mat og suppe, og om synet av lysestaken og porselen. Julius hører samtalen åt familien sin. Det som kjem fram her, er ein estetisk skildring av måltidet – og det teiknar tid, rom og person på ein anna måte enn elles i *På tross av alt*. I avsnittet skjer det dessutan eit skifta frå den vanlege eg-aposisjonen i forteljinga, til eit kollektivt *vi*. Dette opnar opp for at fleire kan ta del i den estetiske skildringa om påsketida. Slik kan det litterære avsnittet gje innsikt om medlynk og medkjensle, for fleire enn Julius som fortel. Eg vil her trekke inn teksten «Medlidenvakkende», og poengteringar Jacob Lund gjer. Han diskuterer samanhengen mellom tragediedikting og historieskriving, etter iscenesetting av Primo Levis forteljing *Hvis dette er et menneske* av Jens Albinus (Lund, 2010). Han poengterer, at i framsyninga av vitnemålsforteljinga som monolog, var det ikkje kva som skjedde som var viktig, men *erfaringa* av kva som skjedde, og *korleis* ein kan minnast det

(Lund, 2010, s. 95). Lund sine undersøkingar understrekar korleis ei vitnemålsforteljing verkar på den forteljande, og mottakaren. Hans undersøkingsmateriale er ein monolog og ei framsyning, men dei same resonnementa kan gjelde formidlinga gjennom den littære teksten. Gjennom den estetiske og sanselege uttrykksforma, opnar avsnittet for ei forståing om medkjensle. Av avsnittet kan ein trekkje ut ei *erfaringar* Julius gjer seg i ei leir-brakke i Auschwitz. Erfaringa er i utdraget knytt til religion, og identitetsskaping. Minnet er ei skildring av jødiske identitetsmarkørar, og verkar tydingsfulle for både Julius og leirkameratane, då fleire deler sine minner. I Lund sine undersøkingar, er det slike estetiske minner og erfaringar som sørger for at publikum – her *lesaren* – kan forstå, hugse, og kjenne medynk i minnet.

I det følgjande vil eg setje analysen saman, og gjere reda for dei diskuterte punkta gjennom teksten.

Samanfatting av analyse og diskuterte punkt – Kva innsikt *På tross av alt kan gje*

Eg vil samanfatte mine tolkingar og analyser av *På tross av alt*, i den følgjande delen av teksten. Dette vil eg gjere ved å trekke fram mine gjennomgåande refleksjonar, som kan fortelje kva innsikt om traume som er formidla i vitnemålsforteljinga.

Analysen har vore tredelt; Kor eg i første del har analysert kjenneteikn knytt til forteljaren sin posisjon i vitnemålsforteljinga. Gjennom utdrag og avsnitt har eg sett ei spenning mellom to forteljarposisjonar. Dette las eg og tolka som teikn på *traumets stemme*, og omtala det som den *innsynsfulle forteljarposisjonen*. Gjennom utdrag frå forteljinga – og i lys av Cathy Caruth sin traumeteori – ser eg korleis vitnet ber preg av ei meiningsskaping. The *voice* – stemma av eit traume – kjem i Julius sin forteljing til uttrykk i forteljarposisjonar. Setningar der han som figur og forteljar grip inn i si eiga forteljing, gjev innsikt i sjølve skrivinga av forteljinga. Ho er skriven i ettertid, men behovet for å uttrykket det forferdelege, og konstruere ei meinings att. Eg har dratt nytte av Hirschberger sin teori, som har vore gjennomgåande gjennom alle analysedelane.

I andre analysedel såg eg dette saman med uttrykket av *levevilje*. Dette las eg saman med forteljinga si signatur-setning, *endelig får jeg sove*. Dette tolka eg som ei meiningsberande setning for vitnemålsforteljinga. Gjennom forteljargrep som vert gjort i rammeforteljinga *Et befriende spark*, vert vitnemålsforteljinga forma av eit referansepunkt. Ved å lese om kjenslene frå forteljinga – om sjokk, angst og håp – kan lesaren kjenne medynk. Rammeforteljinga sin funksjon er introduserande, samstundes som konkluderande. Signatursetninga førar lesaren inn i ei forventing, og er berande i forståinga om Julius sin sjelero. Denne lesnaden kan gje innsikt i samspelet mellom forteljaren og lesaren, og kor tydingsberande dette kan vere.

I teksten sin tredje underdel var merksemda retta mot kva minne som var skildra i vitnemålsforteljinga. Dei minna eg velte å trekke fram og vektlegge, var dei som knytte seg til *religion, identitet og samhald*. I den analysedelen såg eg på eit utdrag kor Julius minst pesah – påskehøgtidsfeiring med familien. Gjennom vektlegginga av religiøs identitet, gjev vitnet innsikt ikkje berre om kva som skjedde under krigen – men erfaringar Julius gjorde under opphaldet i Auschwitz. Der vart påskehøgtida og minnestunda ei form for tryggleik, og ein måte å bere meinung på.

Avsluttande refleksjon – Medkjensle og meiningsberar

I denne bacheloroppgåva har eg analysert *På tross av alt*, der eg har belyst traumets tyding i vitnemålsforteljinga. Gjennom utdrag frå vitnet har eg oppdaga innsikt ein litterær tekst kan gje – som meiningsberar i behandling av eit traume.

Eit poeng eg vil trekke inn avslutningsvis – av Caruth sin traumeteori – er hennar poengteringar av *address*. Ho var oppteken av at eit traume alltid må ha eit medium som når andre, og spørje – på bakgrunn av uttrykk – korleis det verkar inn på folk (Caruth, 2019, s. 65). Hennar refleksjonar liknar på Jacob Lund sine, og hans analyse av ein iscenesetting av ei vitnemålsforteljing. Både understrekar at det er uttrykket som er av tyding; Og korleis dette verkar inn på publikum eller lesaren. Det er uttrykka og erfaringane – av kjenslene som kjem fram på scena eller i den litterære teksten – som kan vere med å opprette ei meiningsberar etter eit traume. Om vekkjar medodyn i lesaren eller tilskodaren, er ein essensiell del av traumebehandlinga oppnådd, gjennom eit *samspel*.

Referansar

Akslen Mandujano, Johanne. (2020). «Moderne stillhet og traume»: *En studie av stillhet i Gunvor Hofmo og Rolf Jacobsen*. [Masteravhandling]. Universitet i Oslo.

Atkinson, Meera., Richardson, Michael. (2013). «Introduction. At the nexus». I: Meera Atkinson & Michael Richardson (red.). *Traumatic affect*, s. 2-19.

Felman, Shoshana., Laub, Dori. (1992). *Testimony*. Crisis of witnessing in literature, psychoanalysis, and history. Routhledge.

Caruth, Cathy., Brochard., Romain Pasquer., Tam, Ben .(2019). «Who Speaks from the Site of Trauma?». An Interview with Cathy Caruth. I: *Diacritics*, 47 (2), s. 48-71.

Groth, Bente. (2000). *Jødedommen*. Pax Forlag, Oslo.

Hirschberger, Gilad. (2018). *Collective Trauma and the Social Construction of Meaning*. *Frontiers in psychology*, (vol.9, s. 1-14).

Joa, Thorild. (2022). «I dödens väntrum»: *En studie av berättningar fra fängenskap i Auschwitz*. [Masteravhandling]. Universitet i Oslo

Komissar, Vera. ([1995] / 2022). *På tross av alt*. Julius Paltiel – norsk jøde i Auschwitz. Communicato Forlag.

Langås, Unni. (2016). «22. juli». Litterære konstruksjoner av et nasjonalt traume. *De Gruyter Journal*. 46 (1) s. 81-101.

Lassen, Morten. (2011). *At skrive Holocaust – en introduktion til vitnesbyrdlitteraturen*. Museum Tusculanums Forlag.

Lund, Jacob. (2010). *Medlidenvækkende*. Hvis dette er et menneske mellem historieskrivning og digitning. *Peripeti*, årgang 7, nr 13, s. 86-95.

Refsum, Christian., Lothe, Jakob., Solberg, Unni. (2007). *Litteraturvitenskapelige leksikon*. Kunnskapsforlaget.

Wæiseth, Lars. *traume* i Store Norske Leksikon på snl.no. Henta 11. mai 2023 frå

<https://sml.snl.no/traume>

